



Arkoconsult As
Postboks 103
5291 Valestrandsfossen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/205 - 23/3025

Saksbehandlar:
Stefan Karlstrøm
stefan.karlstrom@modalen.kommune.no

Dato:
01.11.2023

Ferdigattest - Naust - Gbnr. 73/28

Administrativt vedtak Teknisk etat sak nr: 015/2023

Vi viser til byggeløyve for riving og oppattbygging av naust på gbnr. 73/28 datert 27.07.22, vedtaksnummer 012/2022

Det søkaste no om ferdigattest for heile tiltaket, jf. søknad motteken 12.10.23.

Vedtak

Under føresetnad av at arbeida er utført i medhald av løyve og plan- og bygningslova (pbl). med underliggjande regelverk, vert det i medhald av pbl. § 21-10 og SAK10 §§ 8-1 og 8-2 gjeve ferdigattest for riving og oppattbygging av naust på gbnr. 73/28.

Saksutgreiing:

Tiltakshavar har ansvar for at arbeidet er utført i samsvar med løyve og krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova.

Tiltakshavar opplyser i søknaden om ferdigattest at tiltaket oppfyller krava til ferdigattest, og at det ikkje er utført søknadspliktige endringar. Vi føreset derfor at tiltaket er utført i tråd med løyve og krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova.

Tiltaket skal ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyve fastset jf. pbl. §§ 20-1 og 20-2. Bruksendring krev særleg løyve jf. pbl. § 20-1.

Vi gjer merksam på at ferdigattesten ikkje er ei stadfesting på tiltaket si tekniske kvalitet, men ei stadfesting på bygningsmynde si avslutning av saka.

Klage

Vedtaket kan påklagast. Klagefristen er 3 veker, frå den dagen de mottek melding om vedtaket.

Med helsing

Stefan Karlstrøm
Sakshandsamar